



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 21.11.2022
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:00 - 13:00

Felles orientering saman med Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i starten av møtet:

- Orientering om budsjettet for 2023 og økonomiplan 2023 – 2026 ved økonomisjef Svein Viktor Ellingbø
- Orientering om Tørn – prosjektet (gjeld organisering av omsorgstenester) ved helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset
- Orientering om bustadpolitisk plan ved assisterande rådmann Sveinung Toft

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Britt Inger Myhr	AP	Medlem
Ivar Haukeland		Medlem
Inger Jåstad	Krf	Medlem
Helga Hodne		Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Assisterande rådmann Sveinung Toft og konsulent Maud Sleire Holmaas som førte møteboka

Sakliste

Saknr	Tittel
011/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/2022	Godkjenning av møtebok
013/2022	Referatsak
014/2022	Eigenbetaling for pleie- og omsorgstenester 2023
015/2022	Årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026
016/2022	Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden kommune 2022 - 2032
017/2022	Friluftslivet sine ferdselsårer i Masfjorden - høyring

011/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

21.11.2022 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

ER - 011/2022 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

012/2022: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

21.11.2022 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ER - 012/2022 VEDTAK:

Møtebok frå Eldrerådet 09.09.2022 vert godkjend.

013/2022: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

21.11.2022 ELDRERÅDET

Ivar Haukeland har vore på samling og fekk god innføring i korleis Eldreråda vert drive i andre kommunar. Fekk innføring frå Stadt kommune om korleis dei har arbeida med prosjekter Leva heile livet. Forskjellige instansar var med. Det var ulikt atal representantar frå dei ulike kommunane. Mange av deltakarane kom frå administrasjonar og frå Eldreråda.

Pensjonistfesten:

Litt få framømte, dei flest var frå Nordbygda. Det kan vere ein ide å rullere på feststaden for å få med fleire frå alle delar av kommunen. Eldrerådsleiaren frå Gulen var invitert med på festen. Ordføraren frå Solund var festtalar.

ER - 013/2022 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

014/2022: Eigenbetaling for pleie- og omsorgstenester 2023

Rådmannen sitt framlegg:

1. Satsar for korttidsopphald institusjon

Føljer staten sin satsar. (Vert justert ved kvart årsskifte). Fastsetjing av fribeløp og eigendel for kommunale helse- og omsorgstenester vil bli gjort når ein får rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet. Rundskrivet kjem i desember 2022.

2. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen

Grunnlag: grunnbeløpet i folketrygden (1G) = kr 111 477 pr. 01.mai.2022	Sats pr. time	Sats pr.mnd.
Inntil 2G utgiftstak	Statleg sats	Statleg sats
2G – 3G	300,-	809,-
3G – 4G	375,-	1 501,-

4G – 5G	456,-	1 826,-
Over 5G	456,-	1 826,-

3. Husleige i omsorgsbustad

Omsorgsbustader til eldre kr 7 100,- pr. mnd.

Omsorgsbustader Hostelandslia 20

- Bustad 60 m2 kr. 9.800,-
- Bustad 80 m2 kr. 10.800,-

4. Matombringning og sal av mat

Middag med dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim Kr 93,- pr. porsjon

Middag besøkande og tilsette Kr 110, pr. porsjon

Frukost/kvelds levert frå Masfjorden sjukeheim Kr 46,- pr. porsjon

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm og velferdsteknologi

Eigenbetaling kr 400,- pr. mnd.

Eigenbetaling inntekt under 2G kr 230,- pr. mnd.

6. Døgnopphald/nattopphald – medisinsk vurdert, dagtilbod/aktivitetsopphald

Døgnopphald/nattopphald følgjer statleg sats.

Dagsenter/aktivitetsopphald ved Masfjorden sjukeheim kr. 151,- pr. dag (inkludert middag og skyss).

7. Maksimal eigenandel for opphald i sjukeheim

Kr. 56.000,- pr. md.

14.11.2022 FORMANNSKAPET

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) vedteke.

FS - 107/2022 VEDTAK:

1. Satsar for korttidsopphald institusjon

Føljer staten sin satsar. (Vert justert ved kvart årsskifte). Fastsetjing av fribeløp og eigendel for kommunale helse- og omsorgstenester vil bli gjort når ein får rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet. Rundskrivet kjem i desember 2022.

2. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen

Grunnlag: grunnbeløpet i folketrygden (1G) = kr 111 477 pr. 01.mai.2022	Sats pr. time	Sats pr.mnd.
Inntil 2G utgiftstak	Statleg sats	Statleg sats
2G – 3G	300,-	809,-
3G – 4G	375,-	1 501,-
4G – 5G	456,-	1 826,-
Over 5G	456,-	1 826,-

3. Husleige i omsorgsbustad

Omsorgsbustader til eldre kr 7 100,- pr. mnd.

Omsorgsbustader Hostlandslia 20

- Bustad 60 m2 kr. 9.800,-
- Bustad 80 m2 kr. 10.800,-

4. Matombringning og sal av mat

Middag med dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim Kr 93,- pr. porsjon

Middag besøkande og tilsette Kr 110, pr. porsjon

Frukost/kvelds levert frå Masfjorden sjukeheim Kr 46,- pr. porsjon

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm og velferdsteknologi

Eigenbetaling kr 400,- pr. mnd.

Eigenbetaling inntekt under 2G kr 230,- pr. mnd.

6. Døgnopphald/nattopphald – medisinsk vurdert, dagtilbod/aktivitetsopphald

Døgnopphald/nattopphald følgjer statleg sats.

Dagsenter/aktivitetsopphald ved Masfjorden sjukeheim kr. 151,- pr. dag (inkludert middag og skyss).

7. Maksimal eigenandel for opphald i sjukeheim

Kr. 56.000,- pr. md.

21.11.2022 ELDRERÅDET

Assisterande rådmann Sveinung Toft orienterte om saka.

Saka vart tatt til orientering.

ER - 014/2022 VEDTAK:

1. Satsar for korttidsopphald institusjon

Føljer staten sin satsar. (Vert justert ved kvart årsskifte). Fastsetjing av fribeløp og eigendel for kommunale helse- og omsorgstenester vil bli gjort når ein får rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet. Rundskrivet kjem i desember 2022.

2. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen

Grunnlag: grunnbeløpet i folketrygden (1G) = kr 111 477 pr. 01.mai.2022	Sats pr. time	Sats pr.mnd.
Inntil 2G utgiftstak	Statleg sats	Statleg sats
2G – 3G	300,-	809,-
3G – 4G	375,-	1 501,-
4G – 5G	456,-	1 826,-
Over 5G	456,-	1 826,-

3. Husleige i omsorgsbustad

Omsorgsbustader til eldre kr 7 100,- pr. mnd.

Omsorgsbustader Hostelandslia 20

- Bustad 60 m2 kr. 9.800,-
- Bustad 80 m2 kr. 10.800,-

4. Matombringning og sal av mat

Middag med dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim Kr 93,- pr. porsjon

Middag besøkande og tilsette Kr 110, pr. porsjon

Frukost/kvelds levert frå Masfjorden sjukeheim Kr 46,- pr. porsjon

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm og velferdsteknologi

Eigenbetaling kr 400,- pr. mnd.

Eigenbetaling inntekt under 2G kr 230,- pr. mnd.

6. Døgnopphald/nattopphald – medisinsk vurdert, dagtilbod/aktivitetsopphald

Døgnopphald/nattopphald følger statleg sats.

Dagsenter/aktivitetsopphald ved Masfjorden sjukeheim kr. 151,- pr. dag (inkludert middag og skyss).

7. Maksimal eigenandel for opphald i sjukeheim

Kr. 56.000,- pr. md.

015/2022: Årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026

Rådmannen sitt framlegg:

Driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2023 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt investering jf. pkt. 9.3.

Investeringsaktiviteten i 2023 blir finansiert av tidlegare mottekne tilskotsmidlar, utan opptak av lån.

Masfjorden kommune tek opp inntil 2,5 mill. i lån frå Husbanken i 2023 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2023 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

14.11.2022 ADMINISTRASJONSUTVALET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (6 røyster) tilrådd til formannskapet.

AU - 016/2022 VEDTAK:

Driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2023 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt investering jf. pkt. 9.3.

Investeringsaktiviteten i 2023 blir finansiert av tidlegare mottekne tilskotsmidlar, utan opptak av lån.

Masfjorden kommune tek opp inntil 2,5 mill. i lån frå Husbanken i 2023 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2023 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

14.11.2022 FORMANNSKAPET

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) la fram budsjettinnspelet frå Ungdomsrådet om ein sum på tilsaman kr 55 000 til fond/studietur til Oslo. Formannskapet samla seg om at rådmannen innarbeider dette i budsjettet.

Formannskapet samla seg om å endre pkt 4 slik:

Masfjorden kommune tek opp inntil 6,0 mill i lån frå Husbanken i 2023 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet men endringa i pkt 4 vart samrøystes (4 røyster) vedteke.

FS - 112/2022 VEDTAK:

Driftsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2023 blir fastsett slik det er lagt frem i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversikt investering jf. pkt. 9.3.

Investeringsaktiviteten i 2023 blir finansiert av tidlegare mottekne tilskotsmidlar, utan opptak av lån.

Masfjorden kommune tek opp inntil 6,0 mill. i lån frå Husbanken i 2023 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr blir fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2023 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

21.11.2022 ELDRERÅDET

Økonomileiar Svin Viktor Ellingbø orienterte om budsjett og økonomiplan 2023.

Inger Jåstad ynskjer at slike dokument vert språkvaska.

Eldrerådet tek årsbudsjettet 2023 og økonomiplan 2023 - 2026 til orientering.

ER - 015/2022 VEDTAK:

Eldrerådet tek årsbudsjettet 2023 og økonomiplan 2023 - 2026 til orientering.

016/2022: Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden kommune 2022 - 2032

Rådmannen sitt framlegg:

Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden 2022 – 2032 vert sendt på høyring.

Høyringsfrist vert sett til 1. desember 2022.

21.10.2022 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 093/2022 VEDTAK:

Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden 2022 – 2032 vert sendt på høyring.

Høyringsfrist vert sett til 1. desember 2022.

21.11.2022 ELDRERÅDET

Assisterande rådmann Sveinung Toft orienterte om saka og gjekk gjennom framlegg til bustadpolitisk plan.

Framlegg til vedtak frå Eldrerådet:

Eldrerådet ynskjer at det vert lagt til rette for fleirmannsbustadar i grendene. Slik at det vert eit tilbod til seniorar og ungdom.

ER - 016/2022 VEDTAK:

Eldrerådet ynskjer at det vert lagt til rette for fleirmannsbustadar i grendene. Slik at det vert eit tilbod til seniorar og ungdom.

017/2022: Friluftslivet sine ferdselsårer i Masfjorden - høyring

Rådmannen sitt framlegg:

Saka vert lagt fram til drøfting for eventuell fråsegn

21.11.2022 ELDRERÅDET

Ivar Haukeland la fram høyringsnotat frå Pensjonistforbundet Nordbygda:

HØYRING- PLAN FOR FRILUFTLIVET SINE FERDSELSÅRER I MASFJORDEN KOMMUNE
2022-2030

Vi viser til høyringsutkast datert 26.10.2022. Pensjonistforbundet i Nordbygda set pris på at vi får vera med å gje uttale til denne. Dette er ein viktig plan for friluftsliv og folkehelsa, også for mage av våre medlemmar. Det er g prisverdig at det i alle tre bygdelaga blir tilrettelagt turløyper med universal utforming.

Til planen har vi desse merknadane:

Vi støtter at det er sett ei begrensing på 30 pluss 30 nye turar. Likevel er dette etter kvart eit omfattande turnett som vil krevja mykje for å få til eit godt samarbeid mellom kommunen, grunneigarar og ulike frivillige lag og enkeltpersonar. Dette for å utvikla og vedlikehalda turstiane Vi ser at kommunen både må delta med midlar årleg, og å vera behjelpeleg med å søkja midlar frå andre eksterne for å opparbeida gode og tygge turopplegg.

Mange seterbygningar i Masfjorden er i dag bra vedlikehaldne og i bruk. Vi ser likevel at det er

bygningar som skulle hatt ei oppgradering før dei går til grunne. Her kunne kommunen gjerne vore behjelpelig med å sjå om det er mogeleg å få eksterne midlar til restaurering. Om grunneigar ikkje vil nytta seterbygningane så mykje sjølv, vil dei kunne brukast til utleige, noko som kan styrka inntektsgrunnlaget på garden. Slik vil også fleire få glede av den fine fjellnaturen vi har her i Masfjorden. Det er alltid mykje kjekkare å komma til plassar der bygningar og tun er vedlikehaldne.

Turane på noverande kart er fargesett med ulike fargekodar alt etter vanskelegheitsgrad. Vi ville sett pris på om det hadde vore med ei ca-tid på kor lang tid turen vil ta, i alle fall på dei litt lengre turane. Jamfør det vi finn i planen på side 11 og 12. Dette kunne komma fram på eit lite vedlegg til turkartet om det ikkje er plass på sjølve kartet.

Vi har og merka oss at det manglar mange avtalar med grunneigarar. Dette ser vi på som ein viktig del for å få eit godt samarbeid og for å unngå misforståingar, særleg der det er beitande dyr. Likeins ser vi at idrettslaga/bygdelaga får ei stor oppgåve med framtidig tilsyn og vedlikehald. Det er viktig at denne frivilligheita blir verdsett av kommunen. Gjerne ved å bidra med økonomisk støtte til handverktøy og materialar, og bed tilrettelegging av blant anna parkeringsplassar.

Til punkt 6.1- Oversyn over turruter i planen har vi desse merknadane:

Side 10, punkt 6 står den lange Bjørn West marsjen. Her bør det og komma med eit punkt som omtalar den korte Bjørn West marsjen frå Nystølen til Stordalen Fjellstøve på ca 6 km. Denne turen er mindre krevjande og er no ein etablert del av turmarsjen. Dette er og ein T-merka sti.

I punkt 8 på same sida står det om turen Kringla - Stordalen. "Traséen er godt skilta og merka". Vi har tilbakemeldingar på at det er vanskeleg å finna stien opp på fjellet i den første dalen i frå Kringla.

Side 11, punkt 2.6 finn vi Fossen - Ådneburen. Dette er eitt av to fjell i Masfjorden som ber namnet Ådneburen. Vi meina difor at denne Ådneburen som er nemnt her burde bore namnet Indre Ådneburen.

Alt i alt eit godt utkast med fine bilder. Her er opplegg til mange fine turar der folk kan få sine egne bilde både i sinn og fysisk. Vi ser fram tilden nye planen og kartet.

Saka vart drøfta.

Eldrerådet støttar framlegget til pensjonistforbundet Nordbygda.

ER - 017/2022 VEDTAK:

HØYRING- PLAN FOR FRILUFTLIVET SINE FERDSELSÅRER I MASFJORDEN KOMMUNE 2022-2030

Vi viser til høyringsutkast datert 26.10.2022. Pensjonistforbundet i Nordbygda set pris på at vi får vera med å gje uttale til denne. Dette er ein viktig plan for friluftsliv og folkehelsa, også for mage av våre medlemmar. Det er g prisverdig at det i alle tre bygdelaga blir tilrettelagt turløyper med universal utforming.

Til planen har vi desse merknadane:

Vi støtter at det er sett ei begrensing på 30 pluss 30 nye turar. Likevel er dette etter kvart eit omfattande turnett som vil krevja mykje for å få til eit godt samarbeid mellom kommunen, grunneigarar og ulike frivillige lag og enkeltpersonar. Dette for å utvikla og vedlikehalda turstiane Vi ser at kommunen både må delta med midlar årleg, og å vera behjelpelig med å søkja midlar frå andre eksterne for å opparbeida gode og tygge turopplegg.

Mange seterbygningar i Masfjorden er i dag bra vedlikehaldne og i bruk. Vi ser likevel at det er bygningar som skulle hatt ei oppgradering fr dei går til grunne. Her kunne kommunen gjerne vore behjelpeleg med å sjå om det er mogeleg å få eksterne midlar til restaurering. Om grunneigar ikkje vil nytta seterbygningane så mykje sjølv, vil dei kunne brukast til utleige, noko som kan styrka inntektsgrunnlaget på garden. Slik vil også fleire få glede av den fine fjellnaturen vi har her i Masfjorden. Det er alltid mykje kjekkare å komma til plassar der bygningar og tun er vedlikehaldne.

Turane på noverande kart er fargesett med ulike fargekodar alt etter vanskelegheitsgrad. Vi ville sett pris på om det hadde vore med ei ca-tid på kor lang tid turen vil ta, i alle fall på dei litt lengre turane. Jamfør det vi finn i planen på side 11 og 12. Dette kunne komma fram på eit lite vedlegg tl turkartet om det ikkje er plass på sjølve kartet.

Vi har og merka oss at det manglar mange avtalar med grunneigarar. Dette ser vi på som ein viktig del for å få eit godt samarbeid og for å unngå misforståingar, særleg der det er beitande dyr. likeins ser vi at idrettslaga/bygdelaga får ei stor oppgåve med framtidig tilsyn og vedlikehald. Det er viktig at denne frivilligheita blir verdsett av kommunen. Gjerne ved å bidra med økonomisk støtte til handverktøy og materialar, og bed tilrettelegging av blant anna parkeringsplassar.

Til punkt 6.1- Oversyn over turruter i planen har vi desse merknadane:

Side 10, punkt 6 står den lange Bjørn West marsjen. Her bør det og komma med eit punkt som omtalar den korte Bjørn West marsjen frå Nystølen til Stordalen Fjellstøve på ca 6 km. Denne turen er mindre krevjande og er no ein etablert del av turmarsjen. Dette er og ein T-merka sti.

I punkt 8 på same sida står det om turen Kringla - Stordalen. "Traséen er godt skilta og merka". Vi har tilbakemeldingar på at det er vanskeleg å finna stien opp på fjellet i den første dalen i frå Kringla.

Side 11, punkt 2.6 finn vi Fossen - Ådneburen. Detter er eitt av fjell i Masfjorden som ber namnet Ådneburen. Vi meina difor at denne Ådneburen som er nemnt her burde bore namnet Indre Ådneburen.

Alt i alt eit godt utkast med fine bilder. Her er opplegg til mange fine turar der folk kan få sine egne bilde både i sinn og fysisk. Vi ser fram tilden nye planen og kartet.

Eldrerådet støttar framlegget til pensjonistforbundet Nordbygda.

Rett utskrift av protokoll frå Eldrerådet 21.11.2022 vert vitna:

Ivar Haukeland
leiar

Sveinung Toft
Ass. rådmann